



Leiv Guddal har brei politisk erfaring frå ulike tillitsverv i Kvinnherad.  
(Foto: Magne Fitjar/HusnesNett)

**Nok er nok for Elin Legland frå Uskedalen. Etter fire år som leiar i Kvinnherad Senterparti, seier ho takk for seg. No har den tidlegare rektoren ved KVV, Leiv Guddal overteke formannsvervet i partiet, som vart råka av indre uro etter kommunevalet.**

71-åringen har brei politisk erfaring frå kommunalpolitikken, både frå kommunestyret og i ulike utval. I førre periode var han leiar i Kontrollutvalet.

– Komande valbolk kan verta ei tid der partiet kan styrkjast, heiter det i ei pressemelding etter årsmøtet. Nyvald kommunestyrerepresentant Elin Legland vert gruppeleiar i kommunestyret.

I den førre valbolken hadde Senterpartiet viktige funksjonar i ulike kommunale utval. Etter valet er dette endra i negativ lei, mykje på grunn av den opprivninga partiet vart utsett for, meiner partileinga.

Trass i den indre striden, var det likevel optimisme blant dei frammøtte på årsmøtet.

#### **Godt fylkestingsval**

Det er elles positivt at Senterpartiet fekk 25 prosent av røystene i Kvinnherad ved fylkestingsvalet, noko som var avgjerande for at Benthe Bondhus no er gruppeleiar for Senterpartiet i fylkestinget. Ho er òg vald inn i fylkesutvalet.

Forutan den nyvalde leiaren Leiv Guddal, er desse no med i styret i Kvinnherad Senterparti:

Nils Magne Kloster, Tore Bondhus, Kjetil Mehl, Hans H. Berge og Are Tråvik.

#### **Av Kristian Hus**

